

Frå: Johann Roppen

Sendt: 10. mai 2019 10:52

Til: ALLE-Campus

Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 18/2019, 10. MAI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 18/2019, 10. MAI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no <<mailto:jr@hivolda.no>>. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

HILDEGUNN VALEN KLEIVE DISPUTERER FREDAG 10. MAI

Fredag 10. mai 2019 disputerer høgskulelektor Hildegunn Valen Kleive ved Menighetsfakultetet. Valen Kleive har skrive doktoravhandling med tittelen: "Not that religious: A study of young Tamil religiosity in north-western Norway». Omtale av Valen Kleives disputas på nettsidene til Menighetsfakultetet: <https://www.mf.no/om-mf/arrangementer/hildegunn-valen-kleives-doktorgradsprover>

BESØK FRÅ STORTINGSREPRESENTANT: GRUNDE ALMELAND TIL SEANSE

Stortingsrepresentant Grunde Almeland (V, Oslo) besøker Høgskulen i Volda og får orientering særleg om Seanse fredag 10. mai. Almeland besøker også Nynorsk kultursentrum og vil også representere under Bygdepride.

3 MILLIONAR FRÅ KUNNSKAPSDEPARTEMENTET TIL OMBYGGING AV STRØM-AUDITORIET

Kunnskapsdepartementet har løyvd 3 mill til Høgskulen i Volda til ombygging av Strøm-auditoriet. Prosjektet har fått namnet Veksel-Strøm, fordi ombygginga handler om å legge til rette for enkel veksling mellom tradisjonell undervisning og gruppearbeid gjennom deling av skjerm og bord. Prosjektet vil også gi mange studentar plass til gruppearbeid når det ikkje er undervisning. Det var ni høgskular og universitet som fekk midlar over ordninga som for første gong er tilgjengeleg også for Høgskulen Volda. Pengane frå Kunnskapsdepartementet dekkjer berre delar av dei samla kostnadene ved prosjektet og høgskulen må sjølv betale mesteparten av kostnadene. Prosjektet blir lagt fram for styret for godkjenning. Ombygginga vil stå ferdig våren 2020.

<https://www.hivolda.no/nyhende/tre-millionar-til-ombygging-av-auditorium>

HØGSKULE-BIBLIOTEKET FEKK PROSJEKTMIDLAR FRÅ NASJONALBIBLIOTEKET

Biblioteket ved Høgskule i Volda har fått tildelt kr 150.000 frå Nasjonalbiblioteket til forprosjektet "Biblioteket - hjartet i eit sticky campus". Synnøve Amdam har bidrege i søknaden. «Sticky campus» handlar om bygge og rigge bibliotek og andre fellesområde på ein måte som gjer at studentane ikkje har lyst til å gå derifrå, men brukar høgskuleområdet meir. Kanskje kan det passe med ein namnekonkurranse for å finne eit norsk alternativt omgrep?

BYGDEPRIDE-PARADEN 2019: HØGSKULEN STILLER MED FANA

I år som i fjor stiller Høgskulen opp i Pride-paraden og er representert med fana i toget som startar kl 15 frå grusbane ved Volda vidaregåande skule. Tilsette og studentar er inviterte til å gå under HVO-fana i paraden. <https://www.hivolda.no/bygdepride-parade-2019>

LØNSOPPGJERET I STATEN: STREIKEVARSEL TIL HØGSKULEN I VOLDA

Høgskulen i Volda står på lista over statlege arbeidsplassar som hovudorganisasjonen Unio vurderer å ta ut i ein eventuell streik. Det går fram av Unios varsel om «plassoppsigelse». Forskarforbundet og Utdanningsforbundet er med i Unio og har mange medlemmer blant dei tilsette ved Høgskulen i Volda. Akademikarane og LO-Stat har ikkje valgt å sette opp Høgskulen i Volda på si liste over institusjonar der det kan bli aktuelt å ta ut medlemmer i streik. Om ikkje forhandlingane fører fram har Unio varsle at det i første runde kan bli aktuelt å ta ut 2.000 tilsette ved ein eventuell streik. Ein eventuell streik vil ta til frå 24. mai. Fire dagar før vil Unio varsle om kva tilsette ved Høgskulen i Volda som blir tekne ut i streik. Høgskulen i Volda skal no i tråd med avtaleverket vurdere kva stillingar og funksjonar det kan vere aktuelt å søke om unntak for ved ein eventuell streik.

ARBEIDSMILJØ-KARTLEGGINGA (ARK)

Kartlegginga av arbeidsmiljøet ved Høgskulen gjennom ARK (NTNU) nærmar seg slutten på dei fleste avdelingar og i fellesadministrasjonen. På Avdeling for mediefag låg resultatata under gjennomsnittet for HVO. For å følgje opp resultatata vert det no gjennomført ein arbeidsmiljøprosess på avdelinga. Den har starta med at Stamina har hatt samtalar med kvar einskild tilsett på avdelinga. Dei tilsettes organisasjonar har medverka i utforminga av undersøkinga og alle tilsette har møtt Stamina. Stamina leverer sin rapport i månadsskiftet mai/juni. ARK vart også drøfta på førre styremøte:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/252164?agendaltemId=203309>

PROFESSOR I HELSEPSYKOLOGI ARNE HOLTE TIL HØGSKULEN I SAMBAND MED FAGDAG OM PSYKISK HELSE

HVO, SiVolda og Studentparlamentet inviterer alle tilsette til fagdag om psykisk helse. Det skjer onsdag 15. mai kl 10.00-14.30 på BK 161. Professor emeritus i helsepsykologi Arne Holte er føredragshaldar, og er ein veltalende nestor på området. Fagdagen er ei oppfølging etter Studenthelseundersøkinga «Heilt ærleg». SiVolda, HVO og Studentparlamentet har fått støtte frå Helsedirektoratet som ein del av ein nasjonal dugnad for betring av studenthelsa. Les om fagdagen og meld deg på her: <https://www.hivolda.no/kategori/nyhende/fagdag-om-psykisk-helse>

17 TILSETTE ER NOMINERTE TIL HØGSKULESTYRET: VAL 20.-24. MAI

Det skal velgjast tre faglege og ein administrativt tilsett til høgskulestyret, og det er nominert 17 personar. Valet skjer i tida 20.-24. mai. Dei nominerte er:

Faglege: Eirik Søvik (AHL), Randi Myklebust (AHL), Gudrun Kløve Juuhl (AHL), Hilde Opsal (AHL), Jan Arne Halvorsen (AMF), Ana Laws (AMF), Burcu Peksevgen (AMF), Jørgen Warvik Lyngvær (AMF), Hege Holmqvist Synnes (AKF), Helga S. Løvoll (AKF), Ann-Iren Høgalmen (ASH), Margrete H. Øyehaug (ASH), Silje Louise Dahl (ASH), Nathalie Homlong (ASH).

Administrative: Ragnhild Paulsen (Studieadm.), Cecilie Røeggen (PDF), Kjell Einar Dagfinrud (Adm. ASH).

<https://www.hivolda.no/nyhende/17-tilsette-nominerte-til-dei-fire-interne-plassane-styret>

BETRE BUSSTILBOD? INVITASJON TIL UNDERSØKING AV REISEVANAR

Volda og Ørsta kommunar ønskjer å utvikle og styrke kollektivtilbodet i området og Høgskulen er også med på dette samarbeidet. Kommunane har i samarbeid med fylkeskommunen starta eit eittårig prosjekt for å kartlegge og kome fram til tiltak for å betre kollektivtilbodet. Dette kan også tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda bidra til ved å delta i ei spørjeundersøking om jobb- og fritidsreiser og kva behov ein har eller ser. Undersøkinga går i tida 6.-18. mai og tek ca 5 minutt å svare på. Du deltek ved å klikke på denne lenkja og svare på spørsmål i Questback:

<https://response.questback.com/mreogromsdalfylke/dksfsv8ghw>

PÅMINNING: FRIST FOR PENSUMLISTER: 15. MAI

Som for dei siste åra er det 15. mai som er frist for å få på plass pensumlistar for hausten 2019. Nedanfor står nettside med oversyn over pensumlistar. Emne med innkomne pensumlistar er markerte med lenke. Det er veldig bra at mange pensumlistar alt er inne!

<https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/pensumlistar/pensumlistar-2019-host>

PENSUMLISTER (2): BRUK LEGANTO

Arbeidet med og kvaliteten på pensumlistar blir betre med bruk av Leganto. Biblioteket vil hjelpe til med tekniske og praktiske spørsmål og vil også gi teknisk kvalitetssikring av pensumlistar, jf e-post sendt frå Bente Gunn Lien 10. april

(bentegl@hivolda.no<<mailto:bentegl@hivolda.no>>).

KJELDESORTERING PÅ BIBLIOTEKET: KVAR TYS DAG OG TORS DAG

Biblioteket ønskjer velkomen til sin nye kjeldesorteringsstasjon. Her kan ein i vekene framover få hjelp og rettleiing i å sitere kjelder og sette opp litteraturlister. Biblioteket har først og fremst kompetanse på siteringsstilen APA. Kjeldesorteringa har opningstid kvar tysdag og torsdag 11.30-14.00.

SOLRIK APRIL: STOR STRAUMPRODUKSJON PÅ SOLCELLENE

April 2019 vart ein solrik månad i Volda, og det viste også igjen på straumproduksjonen på solcellepanelet på taket av Berte Kanutte-huset. I april 2019 vart det produsert 16,3 MWh, og det var faktisk fjerde beste månad sidan cellene vart tekne i bruk i juli 2017. Beste månad så langt var mai 2018 med 20,85 MWh.

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre:

<http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

10.5.2019: Besøk frå stortingsrepresentant Grunde K. Almeland (V).

10.5.2019: Disputas, Menighetsfakultetet, Hildegunn Valen Kleive

15.5.2019: Fagdag om psykisk helse: <https://www.hivolda.no/kategori/nyhende/fagdag-om-psykisk-helse>

17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert.

<https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda
13.6.2019: Styremøte nr 3/2019
17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk.
<https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>
19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema:
Digitalisering [www.fjordkonferansen.no<http://www.fjordkonferansen.no/>](http://www.fjordkonferansen.no/)
20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års
markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)
17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar
20.8.2019: Semesterstart 2019-2020
25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre
18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.
31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen
19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret.
<https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:
https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i

solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-

oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00